

20 000 til Uskedalen Utvikling

01.06.2012

Uskedalen Utvikling er løyvd kr. 20.000,- i kultur og idrettstilskot frå Kvinnherad Energi AS. Tilskotet skal nyttast til trelavvo på Skårhaug og leikeapparat på uteplassen ved Gamleskulen

Kostnadsramma er totalt

49.000,- og

Uskedalen utvikling fekk det ein søkte om.
Resten av kostnaden vert dekkja inn med eigne midlar, dugnad og gåver frå andre.

Av totalt 14 søknader til Kvinnherad Energi AS er det løyvd midlar til 9 prosjekt.
Styret i Uskedalen Utvikling er godt nøgd med tilskotet og vil vera på plass torsdag i neste veke på tildelinga.

Av Kristian Olav Bringedal